

# Årsmøte Silda Velforeining 2014

24 personar var frammøtte

**Referat frå årsmøte, påskeafta, 19.04.14.**

## 1. Velkommen v/leiar Kjell Rune Gangsø

## 2. Val av møteleiar og referent.

Styret sitt forslag:

møteleiar: Kjell Rune Gangsø

referent: Paul Sundnes

Valde ved akklamasjon

## 3. Styret si årsmelding.

Sekretær Paul las meldinga, utlagd til deltakarane

Retting av årsmeldinga; Styret har hatt 4 styremøte frå påske til påske.

Årsmeldinga vart godkjend

## 4. Rekneskap for 2013 pr 31.12 2013 v/ Kjell Rune Gangsø.

Rekneskapen var lagd ut på møtet og vart balansert med kr. 78.722,25, på kontoinkl. 24.675 til oppgradering og merking av stiar.

Rekneskapen revidert og funnen rett

Rekneskapen vart godkjend slik den låg føre.

## 5. Budsjettforslag 2014.

1. Oppgradering av kultursti – kr.32.900,-

2. Blomster på Silda.kr 3000,

3. Diverse kr.10.000,- Delfinansiering av kledning til nordveggen av kaihuset.  
Andel av arbeid på skuleplassen

Årsmøtet ville ha meir forklaring over kva som låg i arbeid på skuleplassen

Framlegg om eigen post for opparbeiding skuleplassen med leikeapparat.

Post 1-3 vedtekne.

Ny post 4 Opparbeiding skuleplass kr. 20.000

## 6. Fastsetting medlemsavgift

Vedtak: Årsavgifta vert uendra kr 300 .

## 7.Val:

Valnemnda :

Unni og Anita var valnemnd. Anita var på arbeid i Nordsjøen.

Unni haddeteke spørjerunda til dei som var på val, og hadde i samarbeid med styret utarbeidd eit framlegg til årsmøtet.

## Til styret:

Kjell Rune hadde sagt ja til å stå i styret, men ikkje som formann

Jan hadde sagt ja til attval begge for 2 år.

Styret hadde hatt møte for å finne løysing på formannsspørsmålet, og fått avtale med Ole Sætren som styremedlem/formann i 1 år.

**Forslag:** Ole Sæter funksjonsperiode 1 år.,

Kjell Rune Gangsø og Jan Silden funksjonsperiode 2 år

Vedtak: Samrøystes utan motkandidatar.

**Varamedlemer** for 1 år:

**Forslag:** Sindre Langlo og Jorun Sætren

Vedtak: Samrøystes utan motkandidatar

**Revisorar:**

**Forslag:** Attval på Eva Silden og Karin Nyheim

Vedtak: Samrøystes utan motkandidatar

**Valnemnd:**

**Forslag frå salen:** attval av Unni Hennøen og Leif-Magne Wik

Vedtak: Samrøystes utan motkandidatar

## **8. Behandle innkomne saker**

Ingen saker melde til årsmøtet.

## **9. Eventuelt**

1. Grasrotandelar: Silda Velforening fekk i 2013 den føret overføringa Norsk Tipping sine grasrotandelar.

*Korleis kan ein få registrert ønskje om grasrotandelar til Silda Velforeining?*

Den som tippar må gi melding ved innsats/tipping at han/ho vil gi sine grasrotandelar til Silda Velforeining. Dette kan registrerast på spelekortet, då går det automatisk ved kvar innsats

Årsmøtet presiserte at orientering om Grasrotandel må ligge på [www.silda.com](http://www.silda.com)

2. Kva meir kan gjerast for å få fart i saka om anløp av Bergensbåten på fredagar?

Etter to skriftlege henvendelser, utan svar, må ein no bruke telefon til toppane.

Trafikksjefen i Norled A/S må kontaktast, for å få eit svar. Evt må det brukast media til å trykke på.

3. Prøve å få ein person til å møte på Skjerbuda 15. mai (næringsutvikling) og bere fram saka om trong for ruteanløp der.

4. Paul ville starte arbeid for å registrere Silda si skulehistorie.

Referent

Paul Sundnes

sekretær